

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 24.11.2014  
**SAKSHANDSAMAR:** Hans Kristian Stenby, Kjell-Einar Bjørklund og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** Planlegging av utbygging av Haugesund Sjukehus

**ARKIVSAK:** 2013/693/  
**STYRESAK:** 136/14

**STYREMØTE:** 08.12. 2014

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at planlegging av utbygging av Haugesund sjukehus blir vidareført til konseptfase.
2. I konseptfasen må Helse Fonna ytterlegare dokumentere:
  - i kva grad utbyggingsalternativa er eigna til å løysa dei utfordringane føretaket står overfor på kort og lengre sikt,
  - korleis utbyggingsalternativa vil kunne understøtte ei effektiv drift og god tenesteyting for sjukehuset som heilskap,
  - korleis ei utbygging kan fasast inn over tid i tråd med behov og finansiell evne og
  - gjere grundigare berekningar på kost-nytte analyse og gevinstrealiseringspotensiale knytt til prosjektet, og såleis ta ned risikoen knytt til berekning av økonomisk og finansiell berekraft.

## Oppsummering

Haugesund sjukehus har mangel på areal for å møte framtidig behov for tenester, mykje av arealet har dårlig bygningsteknisk tilstand og det er eit stort vedlikehaldsetterslep, spesielt innan somatikken. Større deler av dagens areal treng rehabilitering for å vere funksjonelle. Det er vurdert behov for ei større utbygging av sjukehuset for å løysa utfordringane.

Planlegginga starta i 2013, og det ligg no føre ein idéfaserapport. Det er her vurdert ulike utbyggingsløyningar. I styret si behandling av rapporten blei det utover null-alternativet tilrådd ei vidare utgreiing av to alternative utbyggingsløyningar i ein konseptfase. Begge alternativane er slik at dei kan utviklast og utbyggast i trinn ut frå helseføretaket sin økonomiske evne.

## Fakta

Haugesund sjukehus har mangel på areal, dårlig bygningsteknisk tilstand og eit stort vedlikehaldsetterslep, spesielt innan somatikken. Større deler av dagens areal treng rehabilitering for å vere funksjonelle. Det går m.a. fram av gjennomgangen som er gjort etter «Multimap» metoden. Det vil vere vanskeleg å rehabiliterare areal med pågåande pasientbehandling. Ein forventar at utfordringane med teknisk infrastruktur vil auke fram mot 2020. Det er såleis vurdert behov for utbygging av sjukehuset.

I tråd med rettleiar for tidlegfaseplanlegging av sjukehusprosjekt vedtok styret i Helse Fonna HF å setje i gong arbeidet med idéfase for Haugesund sjukehus i oktober 2013 i sak 88/13.

Idéfaserapporten blei endeleg handsama i styremøte 17.11.14 sak 80/14. Styret gjorde følgjande vedtak i sak:

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner Idéfaserapport for Haugesund sjukehus.
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner at utbyggingsprosjektet for Haugesund sjukehus blir vidareført til konseptfase med atterhald om godkjenning i Helse Vest RHF
3. Konseptfasen skal gjennomførast i tråd med framlagt mandat. Følgjande alternativ skal utgreiast i konseptfasen:
  - «Nullalternativet»
  - Ny vestblokk, vidare utbygging mot nord
  - Ny nordblokk, etappevis utbygging
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør halde styret i Helse Fonna HF fortløpande informert om arbeidet med konseptfasen for Haugesund sjukehus.
5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende Idéfaserapporten med vedlegg og mandat for konseptfasen til Helse Vest RHF for vidare handsaming i styret i Helse Vest RHF.

Saka er sendt Helse Vest RHF for vidare behandling. Helse Vest skal ta stilling til om planlegginga bør vidareførast i ein konseptfase.

## Kommentarar

### Bakgrunn for saka

Utgangspunkt for saka er arealsituasjonen ved Haugesund sjukehus. Det gjeld bygningsteknisk tilstand på dagens areal og kor funksjonelt det er for verksemda og i kva grad sjukehuset har tilstrekkeleg areal til å møte forventa auke i behovet for aktivitet.

Dei viktigaste overordna plandokumenta i Helse Fonna er Strategi for Helse Fonna, Plan somatikk og Plan for psykisk helsevern. I stor grad er planane sett i verk, spesielt gjeld dette for Plan somatikk. For å leggje til rette for vidare utvikling i tråd med planverka er det naudsynt å auke arealet ved Haugesund sjukehus og rehabiliterer dei deler av bygningsmassen som ikkje er tilfredsstillande i dag.


Plan somatikk slår mellom anna fast at ein del tilbod i Helse Fonna berre skal vere ved Haugesund sjukehus. Det gjeld m.a.: onkologi, nevrologi, nevrologisk slageining, barnehabilitering, spesialitet i infeksjonsmedisin, kreftkirurgi innan bryst, urologi, mage- og tarm, karkirurgi, øyre-nase-halssjukdommar, augesjukdommar, behandling av små barn samt fertilitetsutgreiing og behandling.

Plan Psykisk helsevern peiker på at det er naudsynt å spisse og sentralisere behandling av til dømes psykose og rusbehandling som må skje i sjukehus. Ruspost, nevropsykologi, sengepost for alderspsykiatri og barne- og ungdomspsykiatri er lagt til Haugesund.

Ein ventar at befolkningsveksten og alderssamansetjinga i åra som kjem vil krevje større kapasitet og areal ved Haugesund sjukehus.

### Planarbeidet

Planlegginga av ei eventuell utbygging er lagt opp i tråd med rettleiar for tidlegfaseplanlegging i sjukehusprosjekt. Tidlegfaseplanlegging av sjukehusprosjekt består av idéfase, konseptfase og forprosjektfase.



Idéfase skal avklare om prosjektet er relevant i forhold til dei utfordringar som skal løysast, og avklare om prosjektet er «liv laga», om det er hensiktsmessig, om det kan gjennomførast og er realistisk. Føremålet med idéfasen er å velje kva for alternativ som skal vidareførast til konseptfasen og gjennomgå ein grundigare detaljert gjennomgang, før ein i slutten av konseptfasen vel eitt alternativ som skal over i forprosjektfasen.

Arbeidet med idéfasen må ha si forankring i overordna strategiske føringar og korleis verksemda bør utviklast for å møte framtidig behov for tenester. Det må også takast omsyn til føretaket si økonomiske bæreevne.

Idéfase har vore prosjektorganisert med ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe.

Det er arbeid i samsvar med mandatet for idéfasen og tilrådingar i rettleiar. Det er lagt til grunn overordna dokument som strategi Helse Fonna 2014 – 2018, Plan for somatiske spesialisthelsetenester og Plan for psykisk helsevern i Helse Fonna.

Idéfaserapporten inneheld tabellar over demografisk utvikling, areal i dag og forventa behov for areal fram mot 2040. Idéfase har tatt omsyn til den demografiske utviklinga.

Det har vore dialog med Helse Vest RHF i prosessen. Det er gjennomført ein interessentanalyse, og interessentar som til dømes naboar og Haugesund kommune, har vore informert. Brukarrådet har vore representert i arbeidet.

Prosjektgruppa og styringsgruppa har tatt omsyn til dei utfordringar dagens situasjon gjer med omsyn til knappheit på areal og dårleg bygningsmasse. Vidare har prosjektet teke omsyn til moglegheit for rehabilitering av fråflytta bygningar ved nybygg og vidare utbygging på sikt.

Prosjektet har òg tatt omsyn til arealbehovet som skal til for å utvikle dei funksjonane som Haugesund sjukehus skal ha (sjå innleiing).

Prosjektet har tatt omsyn til føretaket si investeringsevne og moglegheit til å betene lån etter at eit nybygg er ferdig. Det er lagt ved ei utgreiing av økonomiske tilhøve til rapporten.

I finansieringsplanen er det lagt til grunn at det er mogleg å få statlege lån på inntil 70 prosent av byggekostnadane.

Helse Fonna har i langtidsbudsjettet lagt til grunn årlege overskot for å kunne betene lån og setje av midlar til å styrke eigenkapitalen. På lik linje med andre føretak har Helse Fonna potensiale til å forbetre drifta. Såleis er det i dei økonomiske analysane lagt inn ein forventning om gevinstrealisering etter at eit nybygg er teke i bruk (etter 2020) for å kunne realisere vidare utbygging fram mot 2030.

Helse Fonna har berekna at føretaket har økonomisk og finansielt grunnlaget til å bere ei investering i nybygg på om lag kr 1,3 mrd. i perioden 2018-2020. Når ein utvider perioden fram mot 2030, vil det vere mogleg å handtere ytterlegare kr 1,5 mrd., dvs. totalt kr 2,8 mrd. i to trinn. Det er då lagt til grunn at ein kan hente ut gevinstar knytt til ibruktaking av nybygg på om lag kr 40 mill. pr. år. Dei andre økonomiske og finansielle føresetnadane er i tråd med det som er trekt opp i langtidsbudsjettet samt retningslinjene som er gitt frå HOD når det gjeld tildeling av lån.

Innafor ei investeringsramme på kr 2,8 mrd. fram mot 2030 vil ein kunne realisere fleire av dei skisserte utbyggingsalternativa.

Alternativa, utanom 0-alternativet, som blir tilrådd vidareført, vil leggje til rette for flytting av funksjonar som i dag har arealknappheit og dårlege tilhøve. Alternativa vil leggje til rette for å kunne rehabiliterare bygningsmassen i fråflytta bygningar og vil kunne leggje til rette for vidare utbygging på sikt i eit 2030 perspektiv.

Full utbygging av Nordblokkalternativet vil med omsyn til økonomisk bereevne ikkje vere mogleg i eit 2020 perspektiv, men vere mogleg i eit 2030 perspektiv.

Haugesund sjukehus har behov for vidare utbygging i eit lengre perspektiv (2030-2040). Alternativa som blir vidareført til konseptfasen må såleis ikkje vere til hinder for vidare utbygging på sikt.

Helse Fonna har drift på mellom anna fire sjukehus. Ei utbygging i Haugesund må ikkje kome i vegen for naudsynt vedlikehald av dei andre sjukehusa og bygga i føretaket.

I ein konseptfase vil alternativa bli nærare utgreia. Utgreiingane skal vere tilstrekkelig detaljerte og omfattande til å kunne gje grunnlag for å velje eit alternativ og dokumentere konsekvensane av det valet som blir gjort. Utgreiingane skal være likeverdige for alle alternativa, dei skal syne om alternativa kan innpassast i investeringsrammene og kva effekt ei gjennomføring vil ha på føretakets økonomisk bæreevne.

Alternativa skal analyserast og vurderast i forhold til dei oppsette måla og eit definert sett av kriterier. Det beste alternativet blir tilrådd som grunnlag for gjennomføring av eit investeringsprosjekt.

På grunnlag av utgreiinga av alternativa (konseptrapporten) skal det gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av konseptfaserapporten (KSK).

Konseptrapporten saman med rapport frå KSK vil vere grunnlaget for å realitetsbehandla om prosjektet skal førast inn i forprosjektfasen, og kva for alternativ som blir tilrådd.

## Konklusjon

Haugesund sjukehus har mangel på areal for å møte framtidig behov for tenester, mykje av arealet har dårlig bygningsteknisk tilstand og det er eit stort vedlikehaldsetterslep, spesielt innan somatikken. Større deler av dagens areal treng rehabilitering for å vere funksjonelle. Det er vurdert behov for ei større utbygging av sjukehuset for å løysa utfordringane.

I idèfaserapporten er det utover null-alternativet tilrådd ei vidare utgreiing av to alternative utbyggingsløyningar i ein konseptfase. Begge alternativane er slik at dei kan utviklast og utbyggast i trinn ut frå helseføretaket si økonomiske evne.

Det blir tilrådd at prosjektet blir vidareført til konseptfasen.

I konseptfasen må Helse Fonna ytterlegare dokumentere:

- i kva grad utbyggingsalternativa er eigna til å løysa dei utfordringane føretaket står overfor på kort og lengre sikt
- korleis utbyggingsalternativa vil kunne understøtte ei effektiv drift og god tenesteyting
- korleis ei utbygging kan fasast inn over tid i tråd med behov og finansiell evne

Helseføretaket må også fram mot konseptfasen gjere grundigare berekningar på kost-nytte analyse og gevinstrealiseringspotensiale knytt til prosjektet, og såleis ta ned risikoen knytt til berekning av økonomisk og finansiell berekraft.

### Vedlegg

1. Styresak Helse Fonna HF
2. Mandat for konseptfasen
3. Idefaserapport